

Styret i Risnes IL
Katrine Dåe

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/768 - 23/7077

Sakshandsamar:
Frank Kvinge
Frank.Kvinge@masfjorden.kommune.no

Dato:
16.08.2023

Svar på søknad om sponsorstøtte til idrettsdag 27. august 2023

Viser til brev frå dykk datert 06.08.23, der de søkjer om støtte til idrettsdag. Arrangementet skal gjennomførast 27. august for born og vaksne på Hosteland, med varierte aktivitetar.

Masfjorden kommune heiar på slike tiltak. Tidlegare somrar har det vore flotte og viktige idrettsarrangement i alle delar av kommunen, men dei siste åra har både Sleirsfjellet opp og Matre triatlon blitt lagt ned. «Masfjordsprinten» på Sandnes gjekk av stabelen i juli og motbakkeløpet «Øvredalen opp» på Matre vil i år bli arrangert 26. august.

På sikt kan kanskje dette bli ein karusell som idrettslaga i kommunen samarbeider om?

Masfjorden kommune yter kr 5000 i tilskot til tiltaket. Midlane skal nyttast til kjøp av premiar.

Lukke til med arrangementet!

Med helsing

Frank Kvinge
kulturskulerektor / fagleiar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
Styret i Risnes IL